

STANDARDE FOR SPRÅKSTIMULERING

MARIHØNA BARNEHAGE



Marihøna Barnehage

MED DITT BARN I FOKUS!



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -

SPRÅKSTIMULERING I MARIHØNA BARNEHAGE

- ❖ Alle fleirspråklege barn deltek i språkgrupper, minst ein gong i veka
- ❖ Vi nyttar konkretar og/eller bilete i alle samlingsstunder
- ❖ Vi planlegg turar/opplevingar saman med barna
- ❖ Vi bruker barna sine minne- og opplevingar frå turar aktivt i samtalar
- ❖ Vi tek oss god tid i rutinesituasjonar, ved å setje ord på konkretar, handlingar og opplevingar
- ❖ Eit godt måltid er ein god samtale!
- ❖ Vi stiller åpne spørsmål og gir oss tid til å lytte til barna sine svar
- ❖ Vi lar barna sine interesser vere utgangspunkt for «den gode samtalen»

1-2 år

- ✓ Vi er tilgjengelege for barna
- ✓ Vi speglar barna og er oppriktig interesserte i kva dei har å seie
- ✓ Vi lyttar og set ord på barna sitt kroppsspråk
- ✓ Vi snakkar tydeleg og konkret, med korte setningar og god stemmevariasjon.
- ✓ Vi er bevisste taletempo og uttale
- ✓ Vi tek oss tid til- og øver på turtaking i samtale med barna
- ✓ Vi set ord på det vi ser og gjer- om og om igjen
- ✓ Vi nyttar alle rutine- og leikesituasjonar aktivt til å snakke om/namngje gjenstandar og det vi ser og gjer.
- ✓ Om barna bruker «feil» uttale rettar vi ikkje, men gjentek og utvider det barnet seier. Barnet seier til dømes; «ha nan» og den vaksne stadfestar; «Du vil ha banan»
- ✓ Vi gir rom for utforsking og undring
- ✓ Vi nyttar rørslesongar, reglar, forteljing og dramatisering
- ✓ Vi nyttar konkretar og bilete, for å gjere ord og omgrep «synlege»
- ✓ Vi knyter lydar og objekt saman, til dømes dyr og dyrellydar
- ✓ Peikebøker og Biletbøker er synlege og tilgjengelege på avdelinga
- ✓ Vi har spegel tilgjengeleg i barna sin høgde – det gir høve til miming, munnmotorikk og felles fokus.
- ✓ Vi nyttar enkle puslespel, som til dømes knotte puslespel
- ✓ Barna vert introduserte for enkle lottospel, der samtale er viktigast
- ✓ Vi legg til rette for parallell-leik, å gjere dei same tinga og «late som leik»

2-3 år

- ✓ Vi stiller opne spørsmål og hjelper barna til å formidle det dei er opptekne av
- ✓ Vi nyttar rim og reglar. Barna skal lære eitt til to rim/regler med ord og rørsler.
- ✓ Vi fortel eventyr og les høgt for barna
- ✓ Vi snakkar tydeleg og konkret med korte setningar og god stemmevariasjon
- ✓ Vi gir tid til- og øver på turtaking
- ✓ Vi set ord på det vi ser og gjer- om og om igjen, også fargar og former
- ✓ Vi nyttar alle rutinesituasjonar og leikesituasjonar aktivt til å snakke om/namngje gjenstandar og det vi ser og gjer.
- ✓ Om barna nyttar «feil» uttale, så rettar vi ikkje, men gjentek og utvidar det barnet seier, på ein riktig måte. Barnet seier til dømes: Eg vil ha «nan» og den vaksne stadfestar med: «Du vil ha banan»
- ✓ Vi utforskar og undrar oss saman med barna
- ✓ Peikebøker og Bildebøker er tilgjengelege på avdelinga
- ✓ Vi les for barna, namngjer og snakkar om bileta i boka
- ✓ Vi har spegel tilgjengeleg i barna si høgd – det gir høve til miming, munnmotorikk og felles fokus
- ✓ Vi nyttar enkle puslespel, både knottepuslespel og med brikkar
- ✓ Vi spelar Lotto, der samtalen er viktig – Magnetspel, og andre spel, der vi nyttar språket og samtalar rundt spelet
- ✓ Vi øver på munnmotorikk
- ✓ Vi har samlingsstunder med språkposar, øskjer eller koffertar med konkretar. Vi nyttar eventyrposar, sanseposar, bilete, songar, forteljingar med konkretar/flanellograf
- ✓ Leiken er sentral! Vi legg til rette for «late som»- og rolleleik
- ✓ Vi nyttar «Snakkepakken» og «Språglede» som pedagogiske språkverktøy
- ✓ Vi registrerer alle 3-åringar sin språkutvikling, ved hjelp av observasjonsskjemaet «Alle med».

3-4 år

- ✓ Vi stiller opne spørsmål
- ✓ Vi er gode lyttarar- og let barna snakke ferdig
- ✓ Vi er aktive, gode og engasjerte samtalepartnarar
- ✓ Vi snakkar i fullstendige setningar og nyttar adjektiv og preposisjonar
- ✓ Vi stimulerer til samtaler utover her og no- situasjonar, som til dømes fortid og framtidige hendingar.
- ✓ Vi utvider samtaler, tar med fakta, samanliknar og reflekterer rundt ulike opplevingar.
- ✓ Vi øver på kategorisering/klassifisering av omgrep- sortering, over/under, fargar, storleik og mengd
- ✓ Vi klappar/trommar stavingar i namn og ord
- ✓ Vi leikar lytteleikar og spelar lydlotto
- ✓ Vi leikeskriv saman med barna
- ✓ Vi fortel- og les for barna
- ✓ Vi lar barna skape sine eigne fortelljingar og sekvensar i ein liten historie

- ✓ Vi nyttar bilete/konkretar, for å støtte barna si språkutvikling
- ✓ Vi leikar «Kims leik»
- ✓ Vi nyttar språkposar/koffertar og konkretar i samlingsstunder
- ✓ Vi tek oss god tid i samtaler med enkeltbarn
- ✓ Vi deler barna i smågrupper
- ✓ Vi nyttar puslespel, samhandlingsspel, lotto, spel med fargar, form og liknande, for å lære omgrep og auke barna sin språkforståing
- ✓ Vi støttar barna i leik og legg til rette for rolleleik
- ✓ Barna får delta i daglege gjeremål, som matlaging, dekking av bord og liknande
- ✓ Vi nyttar oss av språkstimulerande materiell som «Snakkepakken», «Språkglede» og «Språksprell»

4-5 år

- ✓ Vi får barna til å fortelje om noko dei er opptekne av, ved å stille opne spørsmål
- ✓ Vi nyttar rim og reglar aktivt, saman med barna
- ✓ Vi les bøker og fortel eventyr/forteljingar.
- ✓ Barna lager egne eventyr og øver seg på attforteljing av bøker, historier og liknande
- ✓ Vi dramatiserer eventyr, saman med barna
- ✓ Vi øver oss på rimord
- ✓ Vi finn rytmen i orda, gjennom rytme- og ordleikar
- ✓ Vi snakker om lydane i orda- ulike leikar som handlar om fyrste lyd og siste lyd i ord/namn
- ✓ Vi gir fleirledda beskjedar, som mellom anna; «Kan du gå på kjøkkenet og hente ein kopp, som du gir til Nina?»
- ✓ Vi leikeskriv- og leikeles, øver på skriveretning og blyantgrep.
- ✓ Vi snakkar om skilnaden mellom eit ord og ei setning
- ✓ Vi lar barna bli kjende med formsida av språket, til dømes ord som kan bety forskjellige ting: ring, tog og blad
- ✓ Vi leikar med tal og bokstavar, lagar tal og bokstavar med kroppane våre, prøver å skrive bokstavar og tal på ark, i sanden o.l.
- ✓ Barna øver på å skrive namnet sitt
- ✓ Vi lærer barna namna på dei geometriske figurane firkant, trekant, sirkel og rektangel
- ✓ Vi øver på kategorisering/klassifisering av omgrep, sortering, over/under, fargar, storleik og mengd
- ✓ Vi lar barna skape sine egne forteljingar, sekvensar i ei lita forteljing
- ✓ Vi fortel vitsar og gåter
- ✓ Vi nyttar TRAS for å registrera alle 5- åringar sin språkutvikling
- ✓ Vi nyttar språkstimulerande materiell som «Snakkepakken», «Språkglede» og «Språksprell»



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -